Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Flatanger

Emne: Drikke, til maten til kvardags Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Utstad Gard: Utstad

(adresse): Gartland G.nr. 35 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølk

1) Nysilt mjølk, som i gamal tid kallast koppi her i bygda, hadde dei skjeldan råd til å drikke. Rjomen laut flaugast av og kinnast til smør.

2) Mjølk vart drukke utan at ein åt attåt men då regel berre skumma mjølk. Det var før separatorene kom i bruk. Skummamjølka var ikkje fullt så blå då.

3) Ein hadde mjølkblang, saupblang og ei blanding av skyr og vatn. No er det mein slutt med sovore drykk.

Øl

4) Heimebryggja øl vart som regel brukt berre i ønnene og til høgtidene. Først var det maltøl men seinare vart det brukt sirupsøl. No er det slutt med det og.

Kaffe

5 og 6) Kaffe har vore kvardagsdrykk dei siste 70 år.

7) Som regel tvo gonger om dagen. Om morgonen og etter middag.

8) Ein kokar først opp vatnet og so hev ein kaffe på. Salt og klåreskinn

5245

var brukt før men ikkje no lenger.
Nokon regel for spåing i kaffegrut veit ein ikkje om.

9) Ein brukar tablettar attåt kaffeen når det ikkje er toppsukker å få tak i.

10) Som regel brukast fløyte i kaffeen.
Noko anna å ha oppi kaffeen veit ein ikkje om.

Te

11) Te brukast ikkje til kvardags. Det hender likevel at ein brukar te til kveldsmat istaden for kaffe.
Te av heimavakse plantar kjenner ein ikkje til utan om reinfarne som brukast til medesin.

12) For omlag 150 år sia vart det brukt brennevin til kvar tid. Det reknast å høyre til det daglege brød.
No er det slutt med det.

13) Nyare drykker.
Slikt som t.d. kjøpeøl, vørterøl, selters, brus og andre saker blir ikkje brukt til kvardags

5245
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING